

---

Saksnr: 2020/78819-1  
Saksbehandlar: Eva Moberg  
Dato: 10.12.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## Museumsstatistikk 2019

### Om statistikken

Gjennom Kulturrådet sitt årlege tildelingsbrev blir det gitt retningslinjer om korleis staten ser føre seg utviklinga i musea som ligg på den statlege tilskotsordninga. Ordninga er basert på krav om rapportering innafor musea sine kjerneoppgåver, formidling, forskning og forvaltning. I tillegg skal musea gje ei oversikt over drift, organisasjonsform, økonomi og tilsette. Den siste delen omfattar publikumstal og tilgang til musea.

Museumsstatistikken drar opp linjer og gir nyttig rettleiing om kvar det enkelte museum står i det store museumslandskapet og kan slik sett vere ei rettesnor på vidare utvikling. Ved å samanlikne statistikken frå eit år til eit anna kan dette gje ein indikasjon på utvikling og eventuelle nye satsingsområde. Statistikken viser museumsutviklinga på nasjonalt nivå i forhold til ei utvikling over 10 år.

### Kulturrådet sine museumsvurderingar

Kulturrådet sine museumsvurderingar for 2019 er gjort på grunnlag av statistikkrapportering for 2019 og budsjettsøknader for 2021. Kulturrådet nyttar både kvalitativ og kvantitativ metode for å analysere materialet. Hovudvekt vert lagt på organisasjon og økonomi, samlingsforvaltning, forskning og formidling.

### Nøkkeltal for musea i Vestland i 2019

Baroniet Rosendal er ein mellomstor organisasjon med 22,2 årsverk. Driftsinntektene i 2019 var på 45 mill. kroner. 42 % av offentleg tilskot var frå KUD. Besøktal i 2019: 67 000 (nedgang på 7 % samanlikna med 2018).

Bymuseet i Bergen er ein stor organisasjon med 61,9 årsverk. Driftsinntektene i 2019 var på 55 mill. kroner. 49 % av offentleg tilskot var frå KUD. Besøktal i 2019: 136 000 (nedgang på 3 % samanlikna med 2018).

Hardanger og Voss museum, er ein stor organisasjon med 61,7 årsverk. Driftsinntektene i 2019 var på 50 mill. kroner. 42 % av offentleg tilskot var frå KUD. Besøktala i 2019: 59 000 (auke på 5 % samanlikna med 2018).

KODE- Kunstmuser og komponisthjem er ein stor organisasjon med 86 årsverk. Driftsinntektene i 2019 var på 127 mill. kroner. 29 % av offentleg tilskot var frå KUD. Besøktal i 2019: 303 000 (auke på 14 % samanlikna med 2018).

Museum Vest er ein stor organisasjon med 56,7 årsverk. Driftsinntektene i 2019 var på 72 mill. kroner. 37 % av offentleg tilskot var frå KUD. Besøktal i 2019: 173 00 (20 % nedgang samanlikna med 2018).

Museumssenteret i Hordaland, er ein mellomstor organisasjon med 47,9 årsverk. Driftsinntektene i 2019 var på 36 mill. kroner. 48 % av offentleg tilskot var frå KUD. Besøktal i 2019: 28 00 (4 % nedgang samanlikna med 2018).

Kraftmuseet, er ein liten organisasjon med 15,8 årsverk. Driftsinntektene i 2019 var på 17 mill. kroner. 72 % av offentleg tilskot var frå KUD. Besøktal i 2019: 28 700 (17 % auke samanlikna med 2018).

Olav H.-Hauge-senteret, er ein del av det konsoliderte museet Nynorsk Kultursentrum, ein mellomstor organisasjon med 24,6 årsverk. Driftsinntektene for Nynorsk Kultursentrum var i 2019 v på 28 mill. kroner. 85 % av offentleg tilskot var frå KUD. Besøktal i 2019: 28 000 (10 % nedgang samanlikna med 2018).

Sunnhordland museum er med 8,3 årsverk blant dei minste konsoliderte musea i landet. Driftsinntektene i 2019 var på 8 mill. kroner. 47 % av offentleg tilskot var frå KUD. Besøktal i 2019: 27 000 (28 % nedgang samanlikna med 2018).

Musea i Sogn og Fjordane, er ein stor organisasjon med 53,2 årsverk. Driftsinntektene i 2019 var på 65 mill. kroner. 62 % av offentleg tilskot var frå KUD. Besøktal i 2019: 60 000 (6 % nedgang samanlikna med 2018).